



Karin er ei av dei som har stått på i fleire år for å få inn pengar til laga (foto: Magnhild Haugland).

N 36 – G51 – O68... Det er onsdagskveld. Det er spenning. Det er bingo. I23 – B12... Staden er Helgheimskjellaren, og det er godt med folk samla. Slik har det vore kvar onsdag dei siste 10-15 åra. Bingospelarane møter opp i god tid før første spel byrjar. Tida fram til kl.19 vert brukt til drøs rundt borda, kos med kaffi og kaker. For dei som ønskjer ei brødskiye, har dei driftige bingodamene ordna med det òg. Alt dette kan dei forsyne seg av gratis.

- Dette er vår gest til bingospelarane. Dei gjev oss så mykje tilbake, seier drivkraft for bingoen gjennom alle desse åra, Karin Tungesvik.

Drøsen går godt i ungdomshuskjellaren, men i det bingoutropar, Audhild Lie, ønskjer velkommen, vert det med eitt heilt stille. Første spel er snart i gang, og nye tal vert stadig ropt ut. Øvde blikk og fingrar vandrar over bretta. Spenninga er til å ta og føla på. Her handlar det om å vera førstemann som får dekkja ei rekkje, så fire hjørne, to rekkjer, tre rekkjer og fullt brett. Ganske snart går første pengepremie ut. Til saman vert det delt ut fem premiebeløp i første spel.

Pausen mellom spela vert nytta på ulikt vis. Nokre hentar seg ein bunke brett, leitar etter dei rette talkombinasjonane og prøver å finna vinnarbrettet. Nokre fyller på med kaffi og mat. Ein tar fram strikkesøyet og nyttar tida på sin måte. Alt medan preiket går lett rundt borda.

Det er snart klart for neste spel, stilla og spenninga senkar seg igjen i kjellarlokala. Til saman er det åtte slike rundar.

Mange spådde at røykelova ville vera den sikre død for bingospelet. Dette slo fullstendig feil. Dette vart løyst ved ein litt lengre pause der røykjarane får seg ein blås i det fri. Til beste for alle partar.

Karin fortel at bingoen har mange gjester som kjem att kvar einaste veke. Det er tydelegvis ein aktivitet dei set stor pris på. Gjestene kjem frå eitt vidt område. Ja, dei samlast frå heile kommunen vår. Aldersspennet er og stort, frå barn til dei som er godt oppe i pensjoniståra. Den spennande aktiviteten treff tydelegvis godt i alle grupper.

I tillegg at bingoarrangørane skaper ein triveleg onsdagskveld for mange, skaffar dei og til veges store inntekter for to av laga i bygda, ungdomslaget og skulemusikken. Gjennom mange år har bingoen vore viktigaste inntektskjelda for begge desse laga. I tillegg til Karin og Audhild, legg òg Anne Karin Myhre, Runi Bergstø, Lene Bergstø, Anne Kjersti Lunde og Inger Naterstad ned stor innsats i bingodrifta. Dette har dei alle gjort gjennom mange år.

Det er verdt å ta turen til Helgheimskjellaren på onsdagskveldane. Då oppnår ein minst tre ting på ein gong: får ein triveleg kveld fylt med spenning, kan vinna blant 35-40 premiar, og ikkje minst støttar opp om kulturlivet i bygda vår.

Av Thor Inge Døssland



Audhild lagar til for eit anna spel; tjuett. (foto: Magnhild Haugland)